



OM RENOVEST

Renovest IKS leverer avfallsløysingar som er tilpassa både privatpersonar, fritidsabonnentar og verksemdar i kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje.

Med ansvar for om lag 17.000 hushalds- og fritidsabonnentar, samt eit stort antall næringsaktørar, er det avgjerande med løysingar for å handtere avfallet i samsvar med gjeldande forskrifter og bransjestandardar.



Sorteringa blir stadig betre

Mengda restavfall i Renovest-regionen har dei siste åra gått nedover, mens mengda på fleire av dei kjeldesorterte avfallsfraksjonane - som for eksempel plastemballasje og glas- og metallemballasje - har gått oppover. Det har dei siste åra blitt bruka store ressursar på utstyr og tilrettelegging slik at både fastbuande og fritidsabonnentar nå kan sortere avfall.

Riktig sortering er bra for både miljøet og for korleis me forvaltar ressursane våre, men det har også ein økonomisk gevinst. Papp og papir, plastemballasje og glas- og metallemballasje er eksempel på avfallsfraksjonar som har ein positiv verdi. Det vil seie at me får tilbakebetalt store delar kostnadane me har hatt ved å samle dette inn når det blir levert

vidare til slutthandsaming. Ikkje berre blir nedstraumsinntektene høgare ved riktig sortering, men nedstraumsutgiftene blir også lågare i form av at det blir mindre restavfall. I tillegg til slutthandsamingskostnadar på restavfall er det venta at CO2-avgifta i forbindelse med avfallsforbrenning skal stige kraftig dei neste åra. Riktig sortering vil difor få dobbelt effekt i form av både høgare nedstraumsinntekter og lågare nedstraumsutgifter. Renovasjonsordninga utførast til sjølvkost, noko som betyr at nivået på avfallsgebyret heng i direkte samanheng med kor flinke me er til å sortere. I 2025 er Renovest sine fem eigarkommunar blant 16 % av kommunane med lågast renovasjonsgebyr i landet.


Fakta:

- Eigd av kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje
- Ansvar for om lag 17 000 hushalds- og fritidsabonnentar
- Tenester:
 - Innsamling, sortering, transport og behandling av hushalds- og næringsavfall
 - Tøming og avvatning av private slamanlegg og kommunale reinseanlegg
 - Kompostering av slam

PLASTEMBALLASJE – BEST TIL Å SORTERE MEST

Innbyggerane og fritidsabonnentane i Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje er for andre år på rad landets beste på utsortering av plastemballasje per innbygger. Etter at kvar husstand fekk eigen behaldar til plastemballasje i standen for sekk, dobla mengda innsamla plastemballasje seg. Plukkanalyser viser at dette tidlegare gjekk i restavfallet. I tillegg viser plukkanalysane at plastemballasjen me samlar inn har låg forureiningsgrad, noko som er veldig bra!

Ei vanleg misforståing er likevel at «plast er plast». Når ein snakkar om dei ulike avfallstypene som samlast inn blir gjerne avfallsfraksjonen plastemballasje forkorta til «plast». Me minner difor om at det berre er plastemballasje som skal sorterast her – ikkje andre plastgjenstandar som leiker, bøtter, hageslangar eller liknande. Vedsekkar skal heller ikkje kastast som plastemballasje. Grunnen til det er at vedsekken er laga av ein sterk, seig plasttype som fort kan vikle seg inn i og øydelegge sorteringsmaskinene.



**LAST NED APPEN
"SORTERE" ... eller gå inn
på "SORTERE.NO."**

Der kan du søke opp gjenstandar du er usikker på for å vere sikker på at du leverer det som riktig avfallstype.

GLAS- OG METALLEMBALLASJE

I 2020 fekk alle husstandar i Renovest-regionen eigen behaldar til glas- og metallemballasje. Det resulterte i at det allereie året etter vart samla inn 85 % meir enn då glas- og metallemballasjen måtte leverast på returpunkt. Sorteringa har forbetra seg ytterlegare i åra etter, og i 2025 vil me samle inn rundt 105 % meir glas- og metallemballasje enn me gjorde i 2020.

Kvifor er det viktig å sortere glasemballasje?

Sand egna til produksjon av glas er ein begrensa ressurs. Globalt brukast det mellom 40 og 50 milliardar tonn sand i året, noko som er meir enn det dobbelte av det alle elvar i verden klarar å produsere. Hell dette tempoet fram vil det blir tomt for denne type sand i løpet av nokre tiår.

Den geologiske prosessen for sandproduksjon tek millionar av år. Til gjengjeld kan ferdigprodusert glasemballasje gjenvinnast i det uendelege utan å miste kvalitet. Ved riktig sortering og handtering av glasemballasje kan me difor nytte denne avfallsfraksjonen som ei fullverdig råvare til produksjon av nye produkt. Ein anna fordel er at glasgjenvinning er mykje mindre energikrevjande enn produksjon av jomfruelege råvarer.

Sortering av glas- og metallemballasje i Vest-Telemark

Vest-Telane har blitt gode på å sortere, men me ser også at det hamnar gjenstandar i behaldaren til glas- og metallemballasje som ikkje skal der. På same måte som med plast og plastemballasje, har glas- og metallemballasje lett for å bli forkorta til «glas og metall». Her skal det berre leverast emballasje av glas og metall, som oftast brukt til emballering av mat- og drikkevarer. Eksempel på dette er hermetikkboksar, vin, øl- eller colaflasker i glas, syltetøyglass, aluminiumsfolie, aluminiumsform og liknande.

Typiske eksempel på avfall som ikkje skal leverast som glas- og metallemballasje er; kjøkenglas, glastruter, peisglas, porselen, keramikk, krystall, steikepanner, kasserollar, spiker, skruer og bremseskiver.

Farleg avfall som for eksempel sprayboksar, propanbehaldarar og syreflasker er også gjenstandar som ofte blir feilsortera som glas- og metallemballasje.

Det blir nytta store ressursar på å finne og plukke ut feilsortert avfall frå glas- og metallemballasjen. I dei tilfella me ikkje oppdagar alt får me store trekk i godtgjersla frå produsentansvarsselskapet. Verst er det når me ikkje oppdagar farleg avfall. Då blir heile vogntoglasset på 30 tonn avvist og sendt i retur for ny sortering.

Farleg avfall og småelektronikk

Farleg avfall – som for eksempel måling, kjemikaliar og batteri – krev særskild handtering. Du kan hente eigen behaldar for farleg avfall på eit av Renovest sin bemanna avfallsmottak, noko som gjer oppbevaring både tryggare og meir oversiktleg. Ikkje kast farleg avfall, som til dømes batteri, saman med restavfall, då dette kan vere svært brannfarleg.

Mange innbyggjarar har allereie henta seg ut ein raudboks etter me introduserte den hausten 2023. I 2024 tok me i mot 128 tonn farleg avfall, mot 60 tonn i 2023. Altså ei auke på 103 %.

TELETORV

NORDRYGGEN 
BIOØKONOMI

Dyrdal AS

Takk til våre
samarbeidspartnere!

Vi tilbyr **alt** til ditt kontor

LIDVARD ARVESEN AS
KONTOR & DATA

lakd.no

KOPI

KAFFE

IT

BUTIKKDATA

ALT TIL
KONTORET

MØBLER

Telemark Bilruter AS

Din komplette
transportpartner



Telemark Godslinjer



+47 35 06 54 00 | Industrivegen 1, 3840 Seljord | post@telemarkbil.no telemarkbilruter.no



Vi er en kombinert bedrift, bestående av
både transport-tjenester og innsamling-
og behandling av ulike plastfraksjoner

GANGSTØ TRANSPORT
VIKEBYGD
Mob. 908 67 646 • 907 46 346

Vikevegen 1002, 5568 Vikebygd • E-post: kjell@gangstotransport.no • www.gangstotransport.no

JACO AS

www.bark.no

Bark-Matjord - Torvtak - Kompost

Kvalitet siden 1976

Skotselvveien 607, 3330 Skotselv v/Hokksund | T: 950 52 920 | jacoas@online.no | www.bark.no



Ordalsvegen 63, 3850 Kvitseid

📞 350 68 000 ✉️ post@renovest.no

www.renovest.no